

Utplassering av BUA-lærlingar i utlandet våren 2026

I samråd med våre medlemsbedrifter og Vestland fylkeskommune ønskjer opplæringskontoret å tilby kvalifiserte, motiverte og sjølvstendige lærlingar eit kortare praksisopphald i barnehagar i Tallinn, Estland.

Opphaldet inngår som ein del av lærekontrakten og lærlingen vil ha si normale lønn i utplasseringsperioden. Arbeidsoppgåvene vil bli omtrent som heime, men under andre kulturelle forhold.

Gruppa vil bestå av 4 lærlingar som reiser og bor samla i [moderne og velutstyrte leilegheiter](#). Representant frå OKOS vil følgje gruppa på utreisa og gjennomføre eit introduksjonsprogram gjennom dei første dagane. Alle OKOS-lærlingar i barne- og ungdomsarbeidarfaget kan søke, men lærlingar i sitt siste læreår vil normalt bli prioriterte ved uttak. Ved stor interesse kan det bli vurdert å auke gruppa til 6 deltakarar eller i tillegg gjennomføre ei utplassering i april.

- Periode:** 7. – 29. mai 2026 (3 veker), med atterhald om mindre justering i ut- og heimreisedato.
- Partnerar:** [Tallinn Kullatera Kindergarten \(link\)](#)
[Tallinn Luha Kindergarten \(link\)](#)
- Økonomi:** OKOS dekker flyreise, reiseforsikring, bustad, transport til/frå jobb i Tallinn og introduksjonsprogrammet i Tallinn. Deltakarane dekker sjølv sine utgifter til kost og fritid.
- Merknader:** Arbeidsspråk er engelsk.
Pass eller nasjonalt ID-kort er nødvendig, men ikkje visum.
- Anna informasjon:** Dersom dette kan vere aktuelt for deg, må du først [melde di interesse](#) ved å sende ein e-post til opplæringskontoret med ei grunngjeving på kvifor dette er interessant.
- Du vil deretter bli kontakta for meir informasjon om opplegget, gjeldande forventningar og søknadsprosessen fram mot eit uttak av deltakarar. Samtale med tidlegare deltakarar er ein del av dette.
- Dei som etter ein gjennomgang av søknadane får tilbod om utplassering må skriftleg stadfeste at dei tar imot plassen på dei vilkår som gjeld. Arbeidsgjevar vil også bli involvert i vurdering av søknadane.
- Det blir nytta betydelege ressursar i prosjektet, og deltakarane har derfor eit personleg ansvar for å medverke til eit høgst mogleg utbytte for ein sjølv og dei andre i gruppa.

Meld di interesse seinast **15. januar 2026 pr. e-post til hege.hov@okosweb.no**

Nokre meir eller mindre relevante lenker:

Tallinn Estonia | Cinematic Drone Footage

<https://www.youtube.com/watch?v=LmpQ1rFMFPk>

Tallinn Travel Guide - Complete Tour - City Guide to Estonia's Capital

<https://youtu.be/GkV4S2zPSRo>

First Time in Estonia | 48 Hours in Tallinn

<https://www.youtube.com/watch?v=PNptSI8cUu8>

